

Saksframlegg

Saka gjeld: Rapportering frå verksemda per juni 2026 - Økonomi

Dato: 10.07.2026

Saksbehandlar: Inger Elin Torkildsen Skorpen m.fleire

Arkivsak: 2026/272

	Møtedato	Saksnummer
Utval Styret for Helse Vest RHF	22.07.2026	087/26

Forslag til vedtak

1. Styret konstaterer at resultata i helseføretaka betre i juni enn tidlegare i år, men at det er behov for denne trenden blir forsterka dei kommande månadene.
2. Styret tek rapporteringa frå verksemda per 30. juni 2026 til vitende.

Økonomi

Resultat for føretaksgruppa er positivt med +54,6 mill. kroner for juni. Det er mykje betre enn dei føregåande månadane. Det er auka basisramme til pensjon som bidrar til eit positivt resultat.

Ny ordning for pensjon som blei innført i 2026 er innarbeida i rapporteringa for juni (jfr. styresak 065/26). Samla vil inntektsramma til helseføretak auka med 222 mill. kroner for 2026 som følgje av at kostnadane til pensjon blir redusert meir enn inntektene frå staten til pensjon blir redusert. Denne endringa i budsjettert basisramme og budsjetterte kostnader skal helseføretak inkludere med 6/12 i juni (om lag 110 mill. kroner) deretter 1/12 dei kommande månadane.

Resultat JUN						
	JUN			Hittil i år pr JUN 2026		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	-73 165	-36 667	-36 499	-495 733	-220 000	-275 733
Helse Fonna	1 361	4 167	-2 805	-103 717	25 000	-128 717
Helse Bergen	40 508	8 729	31 779	-51 668	53 596	-105 264
Helse Førde	6 144	-3 750	9 894	-43 731	-22 500	-21 231
Sjukehusapoteka Vest HF	3 931	4 942	-1 011	-3 024	2 338	-5 361
Helse Vest IKT AS	13 064	12 454	610	15 768	11 142	4 626
Helse Vest Morselskap	62 786	29 167	33 619	340 186	175 000	165 186
Til saman	54 629	19 042	35 587	-341 917	24 576	-366 493

Alle tal i heile tusen

I arbeidet med Økonomisk langtidsplan 2027-2031 (sak 066/2026) er det gitt eit anslag for resultat 2026 på – 600 mill. kroner for føretaksgruppa samla. Denne vurderinga er basert på resultata for helseføretaka hittil i år (pr. mai) og kva helseføretaka kan klara å oppnå dei siste 7 månadane i 2026. Auka inntektsramme til helseføretaka (222 mill. kroner) som følgje av pensjon er inkludert i denne vurderinga. Helse Vest vil forsetje med ei tett oppfølging av helseføretaka og den økonomiske situasjonen. I føretaksmøta vart styra i helseføretaka (Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Fonna) bedne om å forsterke arbeidet med å bringa løypande drift i tråd med budsjett. Resultata er noko betre i alle helseføretaka i juni, og når ein korrigerer for eingongseffekt av pensjonsløyvinga frå RNB. Administrerande direktør vurderer derfor at anslaget for resultat på minus 600 mill. kroner er innafor rekkevidde.

Tiltak

Status på tiltak er ikkje inkludert i rapporteringa pr. juni.

Helse Stavanger

Resultatet for juni er negativt med -73,2 mill. kroner. Auka basisramme til pensjon (inntekt) utgjer omlag 33,1 mill. kroner. I tillegg er det kostnadsført 54 mill. kroner til advokatutgifter knyta til rettssaka mot Bravida. Resultat for juni justert for desse eingongseffektane er

negativt med -52,3 mill. kroner. Det er betre enn dei føregåande månadene. Samla er resultatet 275,7 mill. kroner bak plan så langt i år.

Driftsinntektene er lågare enn planlagt (7,2 mill. kroner) bla. som følgje av lågare sats pr DRG poeng. Det er oppnådd om lag 1,7 mill. i inntekt på insentivordninga – kirurgi hittil i år.

Varekostnader har eit negativt avvik på 14,6 mill. kroner for juni. Avviket gjeld i hovudsak H-resept, medisinske forbruksvarer og kjøp av helsetenester. Samla er avvik på varekostnader på 82,4 mill. kroner hittil i år.

Løn- og personalkostnader har eit positivt avvik på 23,2 mill. kroner for juni. Reduserte kostnader til pensjon (33,1 mill. kroner) er inkludert her. Det er framleis overforbruk på både vikarbruk, overtid og innleige. Sjukefråværet (7,3%) er lågare enn både juni 2025 og juni 2024. Samla er avvik på løn- og personalkostnader på 133,2 mill. kroner hittil i år.

Finanskostnader har et positivt avvik på 7,3 mill. kroner i juni og 33,2 mill. kroner hittil i år. Dette skyldast lågare rentekostnader og mindre bruk av kredittramma enn planlagt.

Føretaket arbeider med tiltak i alle avdelingar. Det vert arbeidd aktivt med å redusera sjukefråvær i form av tett medarbeidar oppfølging og å nytta langvakter i arbeidsplanane for å redusera del ledige vakter.

Helse Stavanger har vedteke streng tilsetjingskontroll for fleire klinikkar for 2026 (styremøte Helse Stavanger 03/26), og ser på strukturelle tiltak – kva skal ein slutte å gjere, betre samhandling med kommunane og betre pasientflyt for å tilpasse drifta til den økonomiske ramma.

Helse Fonna

Rekneskapen for juni mars viser eit positiv resultat på +1,4 mill. kroner. Omlag 18,4 mil. kroner kjem frå inntektsføring av auka basisramme til pensjon. Justert for auke i basisramma knyta til pensjon, ville resultatet vore -17 mill. kroner for juni. Det er litt betre enn føregåande månader. Samla er resultatet 128,7 mill. kroner bak plan hittil i år.

Driftsinntektene er høgare enn planlagt (8,8 mill. kroner) bla. som følgje høgare aktivitet enn planlagt. Det er oppnådd om lag 3,6 mill. i inntekt på insentivordninga – kirurgi hittil i år.

Varekostnader viser eit positivt avvik på 6,2 mill. kroner denne månaden. Det skyldast at reduserte kostnader til pensjon (18,4 mill. kroner) er inkludert her.

Løn- og personalkostnader har eit negativt avvik på 12,8 mill. kroner for juni. Både vikarar, overtid og innleige har overforbruk. Dette heng saman med auke i tal månadsverk og høgt

sjukefråvær. Sjukefråværet er framleis høgt og blant dei høgaste i Helse Vest (7,9%) i juni, og er høgare enn både juni 2025 og juni 2024. Samla er avvik på løn- og personalkostnader på 124,6 mill. kroner hittil i år.

Føretaket arbeider med tiltak i alle avdelingar som skal betra den økonomiske utviklinga. Dei avdelingane med størst avvik følgjast opp særskilt, nå også med eit forsterka innsatsteam.

Helse Fonna arbeider og med driftsmessige forbetringar og strukturelle tiltak innan pasientflyt og planlegging, oppgåvedeling, digitalisering og prioritering.

Helse Bergen

Rekneskapen for juni viser eit positivt resultat på +40,5 mill. kroner for juni. Om lag 45 mill. kroner kjem frå inntektsføringa av auka basisramme til pensjon. Justert for auke i basisramme knyta til pensjon, ville resultatet vore -4,9 mill. kroner for juni. Det er betre enn dei føregåande månadane. Samla er resultatet 105,3 mill. kroner bak plan hittil i år.

Driftsinntektene er høgare enn planlagt (+43,9 mill. kroner). Det er oppnådd om lag 20,9 mill. i inntekt på insentivordninga – kirurgi hittil i år.

Varekostnader har eit negativt avvik på 5,3 mill. kroner for juni. Deler av reduserte kostnader til pensjon (15 mill. kroner) er ført her). Avviket gjeld i hovudsak legemidlar i sjukehuset, implantat og kjøp av konsulenttenester helsetenester. Samla avvik på varekostnader er på 56,9 mill. kroner hittil i år.

Løn- og personalkostnader har eit positivt avvik på 2,7 for juni. Deler av reduserte kostnader til pensjon (15 mill. kroner) er ført her). Både vikarar, overtid og har overforbruk og heng saman med sjukefråvær, stor auke i tal årsverk og dyre bemanningsløysningar. Sjukefråværet er bant det høgast av helseføretaka i vest (7,9%) i juni og høgare enn både juni 2025 og juni 2024. Samla er avvik på løn- og personalkostnader på 80,6 mill. kroner hittil i år.

Frå 10. februar er det gjort innstramming i fullmakt til å tilsetje og rutinar for omdisponering av personell. Det vert arbeidd aktivt med å redusera tal årsverk mot 2027.

Arbeid med å betre utnytting av operasjonsskapasiteten og auka operativ aktivitet held fram. Det same gjeld tiltak innan pasientflyt og planlegging, oppgåvedeling, digitalisering, prioritering og tiltak rundt driftsmodellar.

Helse Førde


Rekneskapen for juni viser eit positivt resultat på +6,1 mill. kroner. Om lag 13. mill. kroner av dette kjem frå inntektsføringa av auka basisramme til pensjon. Justert for auke i basisramma knyta til pensjon, ville resultatet vore -6,4 mill. kroner for juni. Det litt betre enn dei føregåande månadane. Samla er resultatet 21,2 mill. kroner bak plan hittil i år.

Driftsinntektene er omlag 6 mill. kroner høgare enn planlagt, som følgje av høgare aktivitet enn planlagt (+12,8% DRG poeng), men dempast noko av lågare sats for DRG poeng. Det er oppnådd om lag 3,6 mill. i inntekt på insentivordninga – kirurgi hittil i år.

Løn- og personalkostnader har eit negativ avvik på 5,8 mill. kroner i juni. Både vikarar, overtid og innleige har overforbruk. Sjukefråværet er lågast av helseføretaka i vest (6,4%) i juni, og er lågare enn juni 2025 og juni 2024. Samla er avvik på løn- og personalkostnader på 44,2 mill. kroner hittil i år.

Arbeidet med tiltak held fram. Fokus framover vil vera på god implementering av ortopedisk aktivitet frå Lærdal til Førde og tett oppfølging av kostnader til medikament.

Likviditetsutvikling



Likviditetsprognosen er ikkje oppdatert sida rapporteringa pr. mai. då det er fleire forhold relatert til revidert nasjonalbudsjett som ikkje er avklart.

Likviditetsprognosen frå mai viser berre eit mindre (og positivt) avvik på likviditeten for juni månad, og denne blir derfor vurdert til å gi eit realistisk bilde av likviditeten framover med den kunnskapen ein hadde før revidert nasjonalbudsjett.

I revidert nasjonalbudsjett blir det gjort større endringar knytt til endringar i pensjonskostnad og pensjonspremie. Det blir her vist til sak 065/2026 Revidert nasjonalbudsjett 2026 for nærmare omtale av endring pensjonskostnad.

I føretaksmøtet i 19. juni 2026 blei det som følgje av oppdaterte opplysningar om pensjonskostnad og pensjonspremie for 2026 gjort følgjande endring i driftskredittramma, tal i heile mill. kroner:

Driftskredittramme pr. 31/12-26 etter føretaksmøte januar	2 416
Endring som følgje av korleksjon pensjon 2025	- 134
Auka behov som følgje av auka premie og redusert kostnad	2 688
Amortisering av historisk driftskredittramme	-
1 466	
Ny driftskredittramme pr. 31/12-26 etter føretaksmøte juni	3 054

Sidan ovannemnde transaksjonar er store og det førebels usikkerheit rundt handtering og gjennomføringstidspunkta, vil oppdatert likviditetsprognose bli utarbeida i samband med kommande rapportering. Desse forholda vil alt anna like ikkje gje nokon likviditetsutfordring då endringane knytt til pensjon er finansiert gjennom endring basisramme/driftskreditt.

Det blir elles vist til kommentarane i verksemdrapporten for mai månad knytt til generell usikkerheit rundt likviditetsprognosen som følgje av resultatutvikling, framdrift investeringar og andre store transaksjonar (arbeidskapital). Under føresetnad av at helseføretaka klarer å levere eit resultat i tråd med resultatkravet og at det ikkje oppstår uventa kostnadsauke på investeringar, er likviditeten samla sett for 2026 vurdert til å vere tilfredsstillande for føretaksgruppa. Likevel kan det i særlege tilfelle kan det bli naudsynt for Helse Vest å tilføre likviditet til enkeltføretak gjennom å yte lån.

Administrerende direktør si vurdering

Resultat for føretaksgruppa er positivt med +54,6 mill. kroner. Resultat for juni er prega av tilførte midlar på om lag 110 mill. kroner til helseføretak i samband med omlegging av pensjon. Styrkinga på om lag 220 mill kroner til pensjon er ei varig endring. Hittil i år er føretaksgruppa 366,5 mill. kroner bak plan.

I arbeidet med Økonomisk langtidsplan 2027-2031 (sak 066/2026) er det gitt eit anslag for resultat 2026 på – 600 mill. kroner for føretaksgruppa samla. Auka inntektsramme til helseføretaka (222 mill. kroner) som følgje av pensjon er inkludert i denne vurderinga. Resultata er noko betre i alle helseføretaka i juni, og når ein korigerer for eingongseffekt av pensjonsløyvinga frå RNB. Administrerende direktør vurderer derfor at anslaget for resultat på minus 600 mill. kroner er innafor rekkevidde.

Helse Vest RHF vil fortsetje med ei tett oppfølging av helseføretaka og den økonomiske situasjonen. I føretaksmøta vart styra i helseføretaka (Helse Stavanger, Helse Bergen og Helse Fonna) bedne om å forsterke arbeidet med å bringa løypande drift i tråd med budsjett.

Vedlegg: